



Referat frå kommunemøte 21. september 2023

Stad: Teams, kl. 13.30-15.00

Deltakarar: Kommunane, UDI, IMDI, DSB, Rayvn, fylkeskommunen og KS.

Ikkje til stades: Helse Fonna, Helse Førde, Sivilforsvaret, Askvoll, Fedje, Fitjar, Gloppe, Kinn, Kvam, Osterøy, Sunnfjord, Stad, Stord, Tysnes, Vaksdal, Voss.

Innhald

1. Innleiing	1
Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina.....	1
Fagsamling i Førde 24. og 25. oktober	2
Tilbod til ordførarar om opplæring i krisekommunikasjon	2
Status kartleggingsoppdrag – i tilfelle sterk auke i talet flyktningar til landet.....	2
Eigenberedskapsveka	2
Orienteringsak frå Helse	3
2. Orientering frå UDI	3
3. Orientering frå IMDI	4
4. Rayvn/nytt krisestøtteverktøy.....	4
5. Eventuelt	6

1. Innleiing

Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina

Det er ikkje noko som indikerer at det har skjedd store endringar i den militære situasjonen i Ukraina. Det vert meldt at Ukraina har klart å vinne tilbake ein del landsbyar og område, men inntrykket er at det så langt ikkje har vore eit stort militært gjennombrot. Samstundes var det seinast i natt russiske missilangrep mot byar i heile Ukraina, med fleire døde og skadde.

Ukraina er heilt avhengig av vestleg våpenstøtte. Polen har vore ein av dei største bidragsytarane, men seier no at dei har stansa våpeneksposten til Ukraina. Det skuldast truleg konflikt om kornimport frå Ukraina.

Det er ikkje kjent noko om prosessar som skulle tenkast å gi ei endring i den diplomatiske situasjonen.

DSA meldte til oss at i slutten av august at den vekentlege rapporteringa til atomberedskapsorganisasjonen om situasjonen i Ukraina vart avslutta. DSA seier at dei held fram med å følgje situasjonen tett, og vil informere viss situasjonen endrar seg vesentleg.

Det Internasjonale Atomenergibyrået (IAEA) skriv på heimesida si at det ved Zaporizhzhya-anlegget er bora fleire brønnar som ein del av arbeidet med å finne nye kjelder til kjølevatn etter øydeleggninga av Akhovka-dammen. Borearbeida held fram, men IAEA seier at tiltaka som så langt er sett i verk for



å stabilisere vassressursane, gjer at det ser ut til å vere tilstrekkeleg med vatn for fleire månadar slik forholda er no.

IAEA skildrar likevel situasjonen ved Zaporizhzhya som svært vanskeleg, på grunn av auka militær aktivitet i området.

Fagsamling i Førde 24. og 25. oktober

Påmeldingsfristen er på tysdag som kjem, 26. september. Mellom tema som vert tatt opp på samlinga, er samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet framover, særleg sett i lys av rapporten frå Totalberedskapskommisjonen. Vi har bedt ein del kommunar fortelje om ulike aktuelle tema dei har jobba med. På dag to vil vi bruke ein god del av arbeidet med ROS-analysar. Der og har vi bedt nokre av kommunane om å dele erfaringar med seg. Mot slutten av dagen skal vi ha med oss NHO og ei næringslivsverksemnd, for å snakke om samarbeid mellom næringslivet og offentleg beredskap.

Tilbod til ordførarar om opplæring i krisekommunikasjon

I februar 2020 arrangerte vi eit kurs i mediehandtering under kriser, primært for ordførarane. Vi brukte eit profesjonelt medieselskap, og det kom veldig gode tilbakemeldingar på opplæringa.

Vi tenker difor å ha ein tilsvarende opplærings- og treningsdag ein gong tidleg på nyåret. Sist gong var det så pass stor interesse at vi hadde opplæringa over tre alternative dagar. Vi kjem tilbake med meir informasjon etter kvart.

Status kartleggingsoppdrag – i tilfelle sterkt auke i talet flyktningar til landet

Vi sendte sist fredag inn eit samla oversyn over innmeldt innkvarteringskapasitet i Vestland til DSB.

Det har vorte gjort ein omfattande jobb i kommunane, og vi vil rette ein stor takk til dei som har stått for den. Vi er fullt innforstått med at det var utfordrande at oppdraget kom akkurat i det sommarferietida starta for alvor. Vi har og fått tilbakemeldingar om at det kunne vere litt vanskeleg å forstå nøyaktig korleis kartlegginga skulle gjerast.

DSB har tidlegare sagt at det no skal starte eit arbeid med kvalitetssikring av dei oversyna som statsforvaltarane har sendt inn. Vi skal før 2. oktober få eit endeleg oversyn over kva innkvarteringsstadar kommunane og vi skal planlegge med. Etter det skal det før 1. november gjerast ferdig planar for korleis innkvarteringslokale og bustadmasse kan takast i bruk.

I brevet frå DSB av 23. august, skreiv direktoratet likevel at med den tidshorisonten og føremålet som oppdraget har no, må kravet om planlegging avgrensast til å vedlikehalde listene. Kommunane skal kvart år gjere ei vurdering av om innkvarteringsstaden framleis kan vere eigna, oppdatere opplysninga om eigarforholda, og melde eventuelle endringar før 15. september. Statsforvaltarane skal etter det melde eventuelle endringar samla til DSB. Det skal såleis ikkje utarbeidast rutinar for rekvisisjon, drift osb. Det er noko som eventuelt må kome på eit seinare tidspunkt.

Det er nok likevel nødvendig å ha ein mental beredskap for at situasjonen kan endrast og gjøre det aktuelt å ta i bruk ekstraordinære innkvarteringskapasitetar. I scenarioet som DSB sendte ut saman med oppdraget før sommaren, var ei ulykke ved eit av atomanlegga brukt som eit mogleg døme på ei hending som kan endre situasjonen.

Eigenberedskapsveka

Eg vart kontakta av DSB i går, og eg lovde å minne kommunane om eigenberedskapsveka. Den skal i år gjennomførast i veke 44, dvs. frå 30. oktober.



DSB tilbyr trykt kampanjemateriell. Det er gratis og må bestillast seinast 4. oktober for å vere levert i løpet av veke 42. Bruk i så fall lenkene nedanfor:

- Direktelenke til bestilling: <https://print.sekvens.app/categorynav.aspx?catid=352>
- Samleside for kampanjen: <https://www.dsbo.no/egenberedskap>

Orienteringssak frå Helse

Vi har fått formidla frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken at det den siste tida har vore eit høgare tal flyktningar som kjem til Nasjonal ankomstsenter på Råde, enn tidlegare. Som følgje av dette kan det skje at nokre asylsøkjrar vert flytta frå Nasjonalt ankomstsenter utan at svar på røntgen thorax ligg føre.

Vi formidla vidare til kommunar i Vestland med flyktningmottak følgjande 05.09.23:

«Kommunehelsetjenesten i Råde vil besørge at ny kommune får beskjed når prøvesvar foreligger, i de tilfellene der flyktningen har reist fra Nasjonalt ankomstsenter før prøvesvar foreligger. Ved eventuelt positivt prøvesvar, vil kommunehelsetjenesten i Råde ta kontakt med ny kommune per telefon.

Kommunehelsetjenesten i Råde kan kontaktes på telefon, epost eller digitale meldinger via journalsystem fra kommuner som etterspør prøvesvar fra beboere som er sendt fra Nasjonalt ankomstsenter før prøvesvar foreligger.»

Vi er også kjende med at det er oppretta ventemottak i kommunar på Austlandet som følgje av auken i talet nye flyktningar.

Det har også kome uromelding til Statsforvaltaren i Oslo og Viken frå Ullensaker kommune. Ullensaker kommune opplever kapasitetsvanskar i helsehjelp til flyktningar, og etterspør tydelegare forventningar frå styresmaktene for å kunne dimensjonere helsetenestene betre.

Det har også kome eit spørsmål frå Ullensvang kommune som handlar om kven som har ansvar for å informere kommunar om flyktningar som kjem til landet som gjestearbeidarar eller besökande. Dette vil vi svare ut i eiga sending.

Det er viktig at kommunane melder frå om kapasitetsvanskar i tenestene i samband med auke i talet flyktningar frå Ukraina. Vi ønskjer å kjenne til problemstillingar kommunane har med informasjonsflyt og annan logistikk. Dette for å ha oversikt over problemstillingar som er aktuelle i kommunane, og vidareformidle desse til Helsedirektoratet og ev. andre aktørar.

Vi ber om de sender oss slik informasjon på beredskap si e-postadresse.

2. Orientering frå UDI

Regiondirektør Njård Håkon Gudbrandsen orienterte frå UDI. Presentasjonen han ligg vedlagt.

UDI er og involvert i arbeidsgruppa som SFVL er i, og det er viktige problemstillingar som blir tatt opp.

Noreg mottek om lag halvparten av alle ukrainske flyktningar som kjem til i Norden no. Situasjonen i nabolanda til Ukraina vert omtalt som meir krevjande no, noko som kan vere ein grunn til at folk reiser vidare. Noreg vert omtalt som eit land som tek godt i mot flyktningar, t.d. når det gjeld språkopplæring, støtteordningar og omstende knytt til bustad. Andre årsaker til auken i flyktningstraumen no kan vere skulestart, der det i nokre andre land mangel på tilbod for flyktningane.

Auken i talet flyktningar tilkomstar gjer at mange no bur i asylmottak. Nesten 14 000 bur i mottak i Noreg per no, og er det høgste talet sidan krigsutbrotet.



UDI har jobba over lengre tid med å erstatte akuttinnkvarteringar med ordinære mottak, men dette arbeidet er sett litt på vent no grunna auken.

UDI oppdaterer sine scenario ein gang i månaden på si heimeside; <https://www.udi.no/statistikk-og-analyse/statistikknotater/tre-ulike-scenarioer-for-antall-flyktninger-fra-ukraina/>. I tillegg til dette ventar ein 4700 (2023) og 5000 (2024) flyktningar frå andre land enn Ukraina.

3. Orientering frå IMDI

Katrine Vidme orienterte om status for busetting og resultat av den justerte oppmodinga.

Det er inngått avtale om å busette kring 5000 flyktningar, og det er ute førespurnad for nesten 500 personar. Det har vore ein liten nedgang i sommar, men som er ein naturleg sesongvariasjon. Tempoet er oppe att no.

Auke i talet flyktningar påverkar alle, inkludert busetjingskommunane. IMDI justerte busetjingsoppmodinga i vår. Per i dag har kommunane vedtak om å busetje kring 35 000 personar. Vidme berømmer kommunane for det arbeidet som er og vert gjor.

Uavhengig av oppmodingar og vedtakslassar, held IMDI fram med å spørje kommunane. Dei peiker på at det med den store tilstrøyminga er viktig å kunne flytte flyktningane ut av mottaka så raskt som mogleg.

Arbeidet med oppmodingar for 2024 er i prosess allereie. Brev ut til kommunane om den, og om kor mange plassar som trengs i dei ulike kommunane, vert truleg sendt i midten av november.

Svar på innspel i chat frå Bømlo kommune om kapasitetsutfordringar i tenestene, også før etablering av mottak i kommunen;

UDI: vi er kjent med dette frå andre kommunar. Vi har m.a. hørt kommunar seie at det ikkje hjelper mykje å få økonomisk støtte, viss det ikkje er nok ressursar i tenestene. UDI oppmoda aktuelle kommunar om å ta kontakt for å diskutere dette nærmare.

Marit Voltersvik, Bergen kommune: Innspelet til Bømlo syner mykje av slik det starta hjå oss og. Når personar blir sendt vidare raskt vert det ei belastning for helseteneste der dei kjem. Andrelinetenesta får eit stort trykk og. Det må sjåast som ei heilskapleg belastning i helsetenestene.

Kjersti H. Follseth, Bømlo kommune: Vi får helseopplysningar frå Bergen som er nyttige. Men det kjem svært mange på ein gong utan at det er nok folk til å ta seg av dei. Ein stor del av dei som kjem har medisinske utfordringar, t.d. ved at dei går på faste medisinar og har kroniske sjukdomar.

4. Rayvn/nytt krisestøtteverktøy

Anders Gundersen frå DSB og Thomas Johansen frå Rayvn deltok for å orientere og svare på spørsmål.

DSB: Det vart som kjent ei forseinking på grunn av ein rettsprosess. I sluttfasen av anbodsprosessen var det fire tilbydarar med, der Rayvn til slutt kom heilt over målstreken. Vi skal vere i gang med det nye systemet 1. oktober. DSB veit det blir gjort mykje godt arbeid i både kommunane, hjå Statsforvaltarane og DSB, sjølv om vi møter på problem her og der.

Oppdraget til DSB har vore å skaffe eit krisestøtteverktøy, ikkje ei sakhandsamingsverktøy. DSB oppmodar om å bruke nettsidene til Rayvn og gjere seg kjent med opplæringsmateriellet. Internt i DSB er det laga ein opplæringsplan for alle vaktmiljøa, slik at det er oppe og går før 1. oktober.



Statsforvaltaren i Vestland

Når det gjeld spørsmål knytt til personvern og risiko- og sårbarheitsvurdering (DPIA) og databehandlaravtale, vil det kome informasjon ganske snart. Det same gjeld informasjon om kva høve det eventuelt er for forlenging av eksisterande avtale med F24. Informasjonen vil verte delt gjennom Statsforvaltarane.

Rayvn: Det er eit godt og reindyrka krisestøtteverktøy. Vi har eit samarbeid med Dmaze (proactima) og tilrår kommunane å undersøke kva moglegheiter som er der.

Rune Bratland, Bergen kommune: Vi noterer at det kjem informasjon om personvern m.m., men kan de gi ei løypemelding og særleg om dette skal handterast av DSB eller kvar kommune?

Svar frå DSB: Databehandlaravtalen blei diskutert i dag, men er ikkje endeleg avklart. Det er nokre juridiske sider som må avklarast. DPIA: Den vil vere tilgjengeleg for alle så snart vi er ferdig med den. Kvar kommune må lage sin eigen, men for dei som ønskjer det er det berre å bruke DSB sin. Det kjem informasjon til veka.

Rune Bratland, Bergen kommune: Det er gode høve til å byggje strukturar mellom nivåa og mellom kommunane; skal vi ta initiativ til dette eller kjem det initiativ på dette enten frå Statsforvaltaren eller DSB?

Svar frå Statsforvaltaren: vi må ta diskusjonen vidare når vi er kome opp og gå i systemet.

Svar frå DSB: det er noko av det gode i denne løysinga. Det er tilrettelagt for å kunne bygge strukturar og samhandling mellom t.d. tilgrensande kommunar, mellom kommunar og Statsforvaltar og mellom Statsforvaltar og DSB. DSB tilrår at initiativet kjem frå Statsforvaltarane, men og kommunane seg i mellom. Men dette er litt trinn to, bli kjent med systemet først.

Svar frå Rayvn: Vertikal struktur er oppretta mellom kommunar, Statsforvaltar og DSB. Men ein kan byggje struktur alle kommunar mellom seg. Ein kan gjere vurderingar om kven er viktig å samhandle med i ei uønskt hending. Ein metode kan vere å lage samvirkekart og sjå kven andre som er mest aktuelt å samhandle med og lage samarbeid. Det er viktig å sjå korleis Rayvn kan brukast til å få redusert responstid og sikker deling av informasjon. Danne same situasjonsforståing. Løysinga opnar for dette, men då må det brukast.

Rayvn køyrer jamlege webinar-møter for spørsmål og svar, som alle kan delta på.

Ståle Hauge, Alver kommune: vi har fått ei klar forståing for at Statsforvaltaren går over til Rayvn 1. oktober. Det er ei utfordring å lære opp alle i kommunane til 1. oktober. Vi ser på om det er mogleg å ha nokre Rayvn-brukarar, for å kunne fungere i eit samvirke. Vi då avhengige av at kommunikasjon og går utanfor Rayvn. Kjem all kommunikasjon frå Statsforvaltaren til å gå gjennom Rayvn slik at vi må vere der for å få informasjon?

Svar Statsforvaltaren: Vi må bruke fornuft i overgangsperioden, og vi kan ikkje slutte å snakke saman. Ein av nedturane våre er at e-postfunksjonen vi er vand med i CIM ikkje er der. Vi skal halde fram med å snakke saman og ta omsyn til at ikkje alle er i Rayvn frå 1. oktober.

Rayvn: Tilrår å bruke øvingsmodusen i Rayvn. Kan bruke samvirkefunksjonen i øvingsmodus, dele informasjon og kalle inn i øvingsmodus.

Sondre Bjelle, Vestland fylkeskommune: Kva skjer med resten av staten? Andre som vi samarbeider med, t.d. Statens vegvesen (SVV). Kan du seie noko om prosessen der?

Svar frå DSB: SVV og andre kan tre inn i avtalen (gjere avrop). Andre verksemder som vil kome inn i avtalen har nokre juridiske hindringar. Solid arbeid ute blant direktoratsnivå, t.d. Helse, som også har



ein kanal mot Statsforvaltaren. Mange testar ut Rayvn no og det er stor aktivitet der ute så mange gjer vurderingar.

5. Eventuelt

Grunna fagsamling i slutten av oktober har vi ikkje lagt opp til noko kommunemøte i oktober.

Neste planlagde kommunemøte 9. november. Det er tidlegare sendt ut ein kalenderinvitasjon, og vi vil sende ut agenda i førekant av møtet.